

REFERAT FRÅ FAU-MØTE BARNETRINNET SAND SKULE TYSDAG 18. OKTOBER 2016

Desse møtte: Inger Johanne Vasshus, Tor Bjarne Smedsrud, Øyvind Berge, Torborg Fossan Steine, Kathrine Husebø, Camilla Vest, Konrad Jårvik, Norunn Nerheim, Morten Aarhus, Alf Rune Haaranes, Siri Helstrup og Linda Dahle.

Desse møtte ikkje: Laila Vikse, Anders Tysseland, Marianne Myklebust, Odd Arne Strand

Sak 1: Luseaksjonen. Korleis går det med denne?

Me har fått 4000 kroner i støtte frå sanitetskvinnene på Sand til innkjøp av lusekamar til alle elevar på Sand skule og i barnehagane på Sand. Kammane er bestilt og sannsynlegvis på plass innan 8 november. Linda høyrer med Svein Carlos om han kan kontakte dei andre skulane i kommunen også for felles luseaksjon i heile kommunen. Det vil bli premie på 1000 kroner av FAU sine midlar for gjennomført lusesjekk. Vinnaren blir trekt av signeringslappane. Linda tek opp dette med Svein Carlos.

Sak 2: Trafikksituasjonen ved skulen og på skulevegen. Kva kan me få til av trafikale løysingar?

Det har tidlegare vore arbeidd for gangfelt i krysset mellom Randåsen og Preståsen mange gonger. Kravet om gangfelt har blitt avvist av vegvesenet fordi det gir "falsk tryggleik" og retningslinjene seier at det er for lite trafikkgrunnlag for eit gangfelt. No er det auka trafikk på denne strekninga grunna anleggstrafikken ved bygginga av Suldal Bad. FAU vil på ny høyre med vegvesenet om det kan la seg gjera med gangfelt eller kva som kan gjerast for å auka tryggleiken i dette krysset. Morten tek ansvar for få ein oversikt over kor mange bilar som køyrer denne strekninga i døgeret og å høyre med vegvesenet om kva moglegheiter som finst for å betre situasjonen. Andre tiltak FAU vil arbeide for: Fleire fartskontrollar ved skulen; Linda høyrer med Svein Carlos/politiet. Linda oppfordrar Svein Carlos til ein ny, lokal variant av "Beintøftprogrammet", både for å minske biltrafikken til og frå skulen, men også for elevane sitt behov for fysisk aktivitet. FAU vil premiere den beste klassen for dette.

Sak 3: Skyss for elevane frå Berge/Falkhaug. Kvar står denne saka no?

Saka er framleis ikkje ferdigstilt. Fylkesmannen ventar på uttale frå Suldal kommune. FAU avventer inntil vedtak er fatta.

Sak 4: Stolane til ungane. Korleis kan me få bytta desse ut?

Stolane er vonde å sitte på og ikkje anbefalt av fysioterapeutar/ergoterapeutar. Linda ber Svein Carlos om å få ei helsefagleg vurdering av stolane i form av ein rapport.

Kan ein bytte ut dei noverande stolane med gamle stolar medan elevane ventar på nye stolar? Kan ein behalde pultane dersom stolane blir bytta ut? Linda høyrer seg med Svein Carlos om dette.

Sak 5: Skulefrukt

Enkelte foreldre har uttrykt at dei ønskjer skulefrukt til elevane på skulen. "skulefrukt.no" har ei ordning liknande skulemelkordninga der frukta kostar 3 kr. dagen. Skulen har gitt klarsignal dersom foreldra ønskjer dette. FAU vil kartlegge kor mange elevar som ønskjer skulefrukt ved å sende ut ein spørjeslipp til foreldra. Inger Johanne utarbeider spørjeslippen.

Sak 6: Val av foreldrerepresentantar. Kva reglar gjeld rundt dette?

Alle representantane i FAU som er tilsett på skulen har trekt seg. Dette er uheldig, sidan dei tilsette på skulen er ein ressurs inn i FAU. FAU har forståing for at det i enkelte saker kan vere nødvendig for tilsette ved skulen å melde seg ugilde, men ønskjer ikkje at dei trekk seg frå vervet. Det er også mogleg å bruke vararepresentantane i vanskelege saker. Linda har bedt om ei skriftleg prosedyre frå skulen ift dette, og har bedt Svein Carlos om å sjå korleis dette vert gjort på dei andre skulane. Alf Rune formulerer eit skriv til lærarane på Sand skule om dette.

Sak 7 : Ymse

Foreldre som har born på SFO opplever det vanskeleg å skulle planlegge feriar så langt fram i tid som SFO krev. Skjemaet som vert nytta til utrekning av betalingssatsar er komplisert og lite brukarvenleg. SFO held stengt heile juli månad. FAU ønskjer at SFO stenger 4 heile veker i staden for 1-31 juli som kan starte og slutte midt i vekene og gjere det komplisert ift ferieavvikling for mange . FAU ønskjer felles planleggingsdagar for barnehagane og skulane. Linda inviterer Nils Eirik Eide med på neste møte.

Neste møte: Tysdag 29 november klokka 19.00.

Referent: Torborg Fossan Steine.